



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Boknahåve
Dato: 16.06.2026
Tid: Kl. 18:00

Følgande medlemmer møtte Parti

Odd Kenneth Tollaksen	
Arne Hosaas	AP
Rakel Alvestad	AP
Rannveig F. Øvrebø	AP
Sigmund Alvestad	KRF
Amalie Våga	SP
Egil Magne Våge	SP
Erik Nilssen	SP
Ida Schmeichler Grønnestad	SP
Osmund Våga	SP
Vilhelm Martin Våge	SP
Edgar Våge	U
June Susanne Grønnestad	U
Lene Ognøy Foss	U
Olav Lande Rossebø	U
Per Helge Sunde	U

Forfall

Svein Ove Alvestad

Parti

U

Varamedlem

Harald Fiskaaen

Parti

U

Andre som møtte

Ingeborg Skjølingstad
Grethe Heimvik
Lillian Grønnestad
Michael Gräfe
Åse Bratthammer

Stilling

Kommunedirektør
Kommunalsjef helse- og omsorg
Kommunalsjef økonomi og administrasjon
Kommunalsjef teknisk
Kommunalsjef Oppvekst

Merknader til innkallinga: ingen

Merknader til sakslista: ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Amalie Våga og Sigmund Alvestad

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
20/26	Godkjenning av innkalling	
21/26	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll	
22/26	Rapport frå forvaltningsrevisjon - integrering av flyktningar i Bokn kommune	
23/26	Rekneskap og årsmelding 2025	
24/26	1.tertialrapport 2026	
25/26	Hovudplan VA - Bokn kommune	
26/26	Kvalitets - og utviklingsmelding Oppvekst 2026	
27/26	Samlesak for referatsaker	
28/26	Samlesak for orienteringsaker	
28/26.1	Endring av bruk av omsorgsbustader til bustad- og avlastingstilbod for personar med omfattande hjelpebehov	
28/26.2	Tilsynsrapport - Tilsyn 2026 - Intensiv opplæring på 1.-4. trinn - Bokn kommune - Bokn skule	
29/26	Kjøp av eigedom - Føresvik 9/172	Ikkje offentleg
30/26	Ekspropriasjon av negativ servitutt på eiendommen gnr.9, bnr. 185 Bokn kommune	

20/26 Godkjenning av innkalling

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

KS - 20/26 Vedtak

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

21/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

KS - 21/26 Vedtak

Møteprotokollen vart godkjent. Amalie Våga og Sigmund Alvestad blei valde til å signere protokollen.

22/26 Rapport frå forvaltningsrevisjon - integrering av flyktningar i Bokn kommune

Bokn kontroll- og kvalitetsutvalg sitt framlegg til vedtak:

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om "integrering av flyktningar" til orientering.

Utvalet ønskjer ny oppfølging av rapporten om ca. seks månader.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Leiar i kontroll- og kvalitetsutvalet Olav Lande Rossebø (U) redgjorde for kva utvalet ber om av oppfølging.

Avrøysting:

Kommunestyret tok kontroll- og kvalitetsutvalet sitt framlegg til orientering.

KS - 22/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek samrøystes:

Bokn kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om "integrering av flyktningar" til orientering.

Kommunestyret har merkar seg at utvalet ønskjer ny oppfølging av rapporten om ca. seks månader.

23/26 Rekneskap og årsmelding 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommunestyre vedtek rekneskapen for 2025 for Bokn kommune
2. Bokn kommunestyre vedtek årsmelding for 2025 for Bokn kommune

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Kommunalsjef økonomi og administrasjon orienterte om rekneskapet for 2025.

Sprøsmål blei stilt og svart ut av kommunalsjef økonomi og administrasjon. Framtidige budsjetter blei kommentert der ein må ta omsyn til å drive godt innafor budsjetterte rammer.

Avrøysting:

Formannskapet si innstilling blei vedtatt samrøystes.

KS - 23/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek samrøystes:

1. Bokn kommunestyre vedtek rekneskapen for 2025 for Bokn kommune
2. Bokn kommunestyre vedtek årsmelding for 2025 for Bokn kommune

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunalsjef økonomi og administrasjon informerte om rekneskap og årsmelding for 2025.

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) ber om å få ei oversikt over dei totale kostnadane for vikarbruk på helse og omsorg, samt bu og aktivitet, i 2025.

Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad informerer om at dette kan svarast ut i kommunestyret 16.juni 2026.

Avrøysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 058/26 Vedtak

Formannskapet vedtek samrøystes:

1. Bokn kommunestyre vedtek rekneskapen for 2025 for Bokn kommune
2. Bokn kommunestyre vedtek årsmelding for 2025 for Bokn kommune

18.05.2026 Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing

Behandling

Kommunalsjef økonomi og administrasjon orienterte om rekneskap og årsmelding 2025.

ERPF - 014/26 Vedtak

Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing tok orienteringa til informasjon.

24/26 1.tertialrapport 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapporten vert tatt til orientering

Budsjettjustering – Drift

Det vert gjort fylgjande endringar i budsjettet

1. Tilskot frå IMDI vert budsjettjustert med kr 805.000, og vert tilført rammeområde 3 (ansvar 420).
2. Eigedomsskatt vert redusert med kr 1.432.000. Beløpet vert finansiert frå eit auka skatteanslag på kr 650.000 og kr 782.000 i redusert overføring til disposisjonsfond.
3. Ihht bestilling frå formannskapet 20.05.2026 vert det overført kr 100.000 til rammeområde 1, som skal brukast til å få utarbeida ein ekstern rapport om bustadsattraktivitet og utvikling på Bokn med utgangspunkt i ny E39. Beløpet vert finansiert frå disposisjonsfond.
4. Ubrukte tilskotsmidlar frå IMDI på kr 1.293.000 frå 2025 vert overført frå ordinært disposisjonsfond til eige disposisjonsfond for «tilskotsmidlar IMDI».
5. Rammeområde 6 får tilført kr 1.000.000 til konsulentarbeid i samband med oppfølging av E39, gamle holmen og hovudplan VA. Dette vert finansiert frå disposisjonsfond.

Budsjettjustering – Investering

Det vert gjort fylgjande endringar i budsjettet

1. Brannstasjon, prosjekt 9045, restbeløp løyving kr 20.264.571 vert overført til 2026 og dekkja av lånemidlar samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
2. Energisparetiltak prosjekt 9405, restbeløp løyving kr 571.316 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
3. Prosjekt «Parkering Nærmiljøanlegget 9406», restbeløp løyving kr 274.900 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
4. Prosjekt «Digitalisering eigedomsarkiv 9049» kr 500.000 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
5. Prosjekt «Skilting kulturminner 9047», restbeløp kr 137.830 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
6. Prosjekt «Uteområde barnehage 9050» kr 585.781 vert overført til 2026. Det vert finansiert med bruk av disposisjonsfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet inntektsføres frå fond i drift og overføres frå drift til investering. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd

(2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

7. Prosjekt «Oppgradering uteområde sjukeheim 9052», restbeløp kr 129.610 vert overført til 2026 og dekkav midlar avsett på ubundne kapitalfond samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

8. Prosjekt «Overvatn Føresvik 9404/9042», restbeløp kr 215.113 vert overført til 2026 og dekkav midlar avsett på ubundne kapitalfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

9. Prosjekt «Kystkuben/gamingrom 9054», restbeløp kr 281.002 vert overført til 2026 og dekkav midlar avsett på ubundne kapitalfond samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

10. Prosjekt «Utviding/oppgradering Jøsenvegen 9055», restbeløp kr 1.250.000 vert overført til 2026 og dekkav lånemidlar samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

11. Prosjekt «Tomt Føresvik 9057», restbeløp kr 4.000.000 vert overført til 2026 og dekkav lånemidlar i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

12. Prosjekt «Carport 9056», restbeløp kr 291.000 vert overført til 2026 og dekkav midlar avsett på ubundne kapitalfond samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

13. I samsvar med ny hovudplan VA gjer ein følgjande endring: Prosjekt «Pumpeledning Stabburvegen» erstatter tidlegare vedteke prosjekt «Nytt hovudavlaupsanlegg Føresvik». Kr 5.000.000 bli dermed erstatta av nytt beløp kr 3.900.000. Beløpet skal lånefinansierast i samsvar med vedtak frå 2025.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

få toalettet fikset, foreslått av Lene Ognøy Foss, (U)

innvilge 35.000 til å fikse toalettet slik at det er stand tas fra disposisjonsfondet

Det kom kommentarer i saka på at ein må ha budsjett disiplin resten av året og at sjukefråvær var høgt. Kommunedirektøren informerte om at sjukefråværet er redusert betrakteleg i 2026 og det jobbes godt i tenesteområdene med sjukefråværsproblematikk.

Lene Ognøy Foss (U) etterlyser ei avgjersle vedr. kommunalt offentleg toalett i Føresvik basert på den kostnadsoversikta som er lagt ved tertialrapporten. Saka blei diskutert i forrige formannskapsmøte.

Avrøysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si innstilling til vedtak med tillegg av tilleggforslag frå Lene Ognøy Foss (UAV).

KS - 24/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek samrøystes:

Tertialrapporten vert tatt til orientering

Budsjettjustering – Drift

Det vert gjort fylgjande endringar i budsjettet

1. Tilskot frå IMDI vert budsjettjustert med kr 805.000, og vert tilført rammeområde 3 (ansvar 420).
2. Eigedomsskatt vert redusert med kr 1.432.000. Beløpet vert finansiert frå eit auka skatteanslag på kr 650.000 og kr 782.000 i redusert overføring til disposisjonsfond.
3. Ihht bestilling frå formannskapet 20.05.2026 vert det overført kr 100.000 til rammeområde 1, som skal brukast til å få utarbeida ein ekstern rapport om bustadsattraktivitet og utvikling på Bokn med utgangspunkt i ny E39. Beløpet vert finansiert frå disposisjonsfond.
4. Ubrukte tilskotsmidlar frå IMDI på kr 1.293.000 frå 2025 vert overført frå ordinært disposisjonsfond til eige disposisjonsfond for «tilskotsmidlar IMDI».
5. Rammeområde 6 får tilført kr 1.000.000 til konsulentarbeid i samband med oppfølging av E39, gamle holmen og hovudplan VA. Dette vert finansiert frå disposisjonsfond.

Budsjettjustering – Investering

Det vert gjort fylgjande endringar i budsjettet

1. Brannstasjon, prosjekt 9045, restbeløp løyving kr 20.264.571 vert overført til 2026 og dekkja av lånemidlar samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
2. Energisparetiltak prosjekt 9405, restbeløp løyving kr 571.316 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
3. Prosjekt «Parkerings Nærmiljøanlegget 9406», restbeløp løyving kr 274.900 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
4. Prosjekt «Digitalisering eigedomsarkiv 9049» kr 500.000 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
5. Prosjekt «Skilting kulturminner 9047», restbeløp kr 137.830 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
6. Prosjekt «Uteområde barnehage 9050» kr 585.781 vert overført til 2026. Det vert finansiert med bruk av disposisjonsfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet inntektsføres frå fond i drift og overføres frå drift til investering. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
7. Prosjekt «Oppgradering uteområde sjukeheim 9052», restbeløp kr 129.610 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
8. Prosjekt «Overvatn Føresvik 9404/9042», restbeløp kr 215.113 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
9. Prosjekt «Kystkuben/gamingrom 9054», restbeløp kr 281.002 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
10. Prosjekt «Utviding/oppgradering Jøsenvegen 9055», restbeløp kr 1.250.000 vert overført til 2026 og dekkja av lånemidlar samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).
11. Prosjekt «Tomt Føresvik 9057», restbeløp kr 4.000.000 vert overført til 2026 og dekkja av lånemidlar i samsvar med vedtak frå 2025. Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-

5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

12. Prosjekt «Carport 9056», restbeløp kr 291.000 vert overført til 2026 og dekkja av midlar avsett på ubundne kapitalfond samt kompensasjon merverdiavgift i samsvar med vedtak frå 2025.

Beløpet vert lagt til i bevilgningsoversikt investering § 5-5 1. ledd (2A) og § 5-5 2.ledd (2B).

13. I samsvar med ny hovudplan VA gjer ein følgjande endring: Prosjekt «Pumpeledning Stabburvegen» erstatter tidlegare vedteke prosjekt «Nytt hovudavløpsanlegg Føresvik». Kr 5.000.000 bli dermed erstatta av nytt beløp kr 3.900.000. Beløpet skal lånefinansierast i samsvar med vedtak frå 2025.

Videre vedtok kommunestyret å innvilge 35.000 til å fikse toalettet slik at det er stand. Kostnaden tas fra disposisjonsfondet

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunalsjef økonomi og administrasjon orienterte om 1. tertialrapport 2026.

FS - 060/26 Vedtak

Formannskapet tek tertialrapporten til orientering.

25/26 Hovudplan VA - Bogn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bogn kommune vedtar forslag til hovudplan VA 2026 – 2036 som eit styringsdokument for kommunen sine vass- og avløpsstenester, *og at nivået på desse tenestene skal vere slik som det går fram av kapittel 2 i dokumentet.*

2. Det er ein føresetnad at planen skal evaluerast og justerast i tilknytning til det årlege arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan.

Dette gjeld særleg forslaget til investeringsplan og gebyrkonsekvensar som er vist i kap. 9 og 10. Dei øvrige delane av planen, utover kapittel 2, 9 og 10, vert teke til orientering.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Avrøysting:

Kommunestyret vedtek samrøystes formannskapet si innstilling til vedtak.

KS - 25/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek samrøystes:

1. Bogn kommune vedtar forslag til hovudplan VA 2026 – 2036 som eit styringsdokument for kommunen sine vass- og avløpsstenester, *og at nivået på desse tenestene skal vere slik som det går fram av kapittel 2 i dokumentet.*

2. Det er ein føresetnad at planen skal evaluerast og justerast i tilknytning til det årlege arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan.

Dette gjeld særleg forslaget til investeringsplan og gebyrkonsekvensar som er vist i kap. 9 og 10. Dei øvrige delane av planen, utover kapittel 2, 9 og 10, vert teke til orientering.

Dei øvrige delane av planen, utover kapittel 2, 9 og 10, vert teke til orientering.

Tabell 2 Årsgebyr avløp

-26	0%
-27	+15%
-28	+15%
-29	+15%
-30	+15%

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Tilleggsforslag, foreslått av Svein Ove Alvestad, Uavhengig

Tabell 2 Årsgebyr avløp

-26	0%
-27	+15%
-28	+15%
-29	+15%
-30	+15%

Avrøysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med forslag fremja av Svein Ove Alvestad (uavhengig) vart samrøystes vedteke.

FS - 059/26 Vedtak

Formannskapet vedtek samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med forslag fremja av Svein Ove Alvestad (uavhengig):

- 1. Bogn kommune vedtar forslag til hovudplan VA 2026 – 2036 som eit styringsdokument for kommunen sine vass- og avlaupstenester, og at nivået på desse tenestene skal vere slik som det går fram av kapittel 2 i dokumentet.**
 - 2. Det er ein føresetnad at planen skal evaluerast og justerast i tilknytning til det årlege arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan.**
- Dette gjeld særleg forslaget til investeringsplan og gebyrkonsekvensar som er vist i kap. 9 og 10. Dei øvrige delane av planen, utover kapittel 2, 9 og 10, vert teke til orientering.***

Tabell 2 Årsgebyr avløp

-26	0%
-27	+15%
-28	+15%
-29	+15%
-30	+15%

12.05.2026 Formannskapet

Behandling

Endring av siste 2 setninger i kap 2., foreslått av Rakel Alvestad, Arbeiderpartiet

Endre siste to setninger i kap 2. "Mål i VA plan". Foreslår å slette nest siste setning, og endre siste setning til: "Tilstand i alle vassførekomstar skal i tråd med vassforskrifta (§2) minst oppnå god økologisk og kjemisk tilstand."

Kommunalsjef teknisk orienterer om framdrift i planen og status per i dag.

Rakel Alvestad (Ap) fremja skriftleg endringsforslag til saka om å endre to setingar i kapittel 2 "Mål i VA plan".

Ordføraren konstaterete at det var semje om at planen og forslaget frå Rakel Alvestad vert sendt tilbake til administrasjonen og teke opp i neste formannskapsmøte 2.juni 2026.

FS - 045/26 Vedtak

Formannskapet vedtok samrøystes å utsetja behandling av planen til formannskapsmøte 2.juni 2026.

26/26 Kvalitets - og utviklingsmelding Oppvekst 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek kvalitets - og utviklingsmelding for oppvekst til orientering.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Politikerane ønskjer ein felles mal for alle planar i Bokn kommune.

Avrøysting:

Kommunestyret vedtek samrøystes å ta kvalitets- og utviklingsmelding for oppvekst til orientering.

KS - 26/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek samrøystes:

Kommunestyret tek kvalitets - og utviklingsmelding for oppvekst til orientering.

02.06.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunalsjef oppvekst og kultur orienterte om saka og svarte ut spørsmål.

FS - 066/26 Vedtak

Formannskapet tek kvalitets- og utviklingsmelding for oppvekst til orientering.

27/26 Samlesak for referatsaker

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

KS - 27/26 Vedtak

Referatssakene blir tatt til orientering.

28/26 Samlesak for orienteringsaker

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Orienteringssak budsjettprosess 2027:

Kommunedirektør tok kommunestyret munnleg og visuelt gjennom skjermframvisning gjennom tenkt budsjettprosess for 2027 på tenestenivå som starter med strategimøte for hausten mellom administrasjon og kommunestyret.

KS - 28/26 Vedtak

Orienteringane blir tatt til informasjon

28/26.1 Endring av bruk av omsorgsbustader til bustad- og avlastingstilbod for personar med omfattande hjelpebehov

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) har kommentarer til orienteringssak om endring av bruk av omsorgsbustader til bustad.

Lene Ognøy Foss (U) ønsker kommentarer frå Rannveig Foss Øvrebø blir portokollført og tas med vidare til administrasjonen.

Innspel frå Rannveig foss Øvrebø (sendt på e-post):

"Ordfører, kommunestyret

Eg har forståelse for bakgrunnen for saken. Kommuen oppleve auka behov for avlastning og tenester til barn, unge og vaksne med omfattende hjelpebehov. Det er et reelt behov som me må ta på alvor. Samtidig ønske eg å uttrykke ei viss uro for å endre omsorgsboliger til avlastning .

Me går inn i ei tid der dei demografiske utfordringene er godt kjende for oss alle. Talet på eldre vil auka betydelig dei kommande årene og behovet for tilrettelagte boliger og omsorgstenester vil og auke.

Det som kan framstå som ledig kapasitet i dag, kan vise seg å vara ein ressurs me komme te å trenge i måra.

Det er viktig at kommunen ikkje bare vurdere dagens behov, men også behova som komme. Me må være forsiktige å bygge ned eller endre funksjonen til omsorgsbustader uten å ha et tydelig og langsiktig perspektiv på kordan kommunen ska møta den demografiske utviklinga.

Eg ønske at me finne løysningar for dei unge som treng avlastning og oppfølging, men samtidig må me sikre at kommunen ikke sett seg sjøl i den situasjonen der me om få år mangle egna bustader for ei stadig større eldre befolkning.

Derfor meine eg at dette må vurderast som ein del av ein heilskapelig plan for framtidige omsorgs og bostadsbehov, og ikke berre ei løysing på dagens kapasitetsutfordringer

KS - 28/26.1 Vedtak

Kommunestyret tek orienteringa til informasjon.

28/26.2 Tilsynsrapport - Tilsyn 2026 - Intensiv opplæring på 1.-4. trinn - Bokn kommune - Bokn skule

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

KS - 28/26.2 Vedtak

29/26 Kjøp av eigedom - Føresvik 9/172

Unntatt off. – Offentleglova § 23

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Møte blei lukka med heimel i off.lova § 23.

Ordførar informerte om saka.

Avrøysting:

Kommunestyret vedtok med 10 mot 7 røyster - Odd Kenneth Tollaksen (U), Lene Ognøy Foss(U) Per Helge Sunde (U), June Susanne Grønnestad (U), Olav Lande Rossebø (U), Harald Fiskaaen (U) og Edgar våge (U) formannskapet sitt framlegg til vedtak.

KS - 29/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek med 10 mot 7 røyster:

.

12.05.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 050/26 Vedtak

30/26 Ekspropriasjon av negativ servitutt på eiendommen gnr.9, bnr. 185 Bokn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. For gjennomføring av detaljreguleringsplan 201605 – Holmen-Føresvik sentrum, vedtatt i kommunestyret den 14.5.2019, vedtas det med hjemmel i plan- og bygningsloven § 16-2, jf. ekspropriasjonsloven § 2, å ekspropriere negativ servitutt opprettet gjennom skylddelingsforretning dagbokført 16.11.1979, dok.nr. 1979/9406/47.
2. Kommunedirektøren gis fullmakt til å begjære skjønn i saken.

16.06.2026 Kommunestyret

Behandling

Erik Nilssen (Sp) bad om å få sin habilitet vurdert da han er syskenborn til ein av eigerane av eiendommen der negativ servitutt og ekspropriering skal behandlast. Han trådde frå møte mens habilitet blei behandla.

Kommunestyret fann Erik Nilssen for habil i saka. Han trådde til i møtet.
17 voterande.

Jurist Stein Nygaard orienterte i saka og svarte ut dei spørsmål som blei stilt.

Avrøysting:

Kommunestyret vedtok med 12 mot 5 røyster - Ida Schmeichler Grønnestad (Sp), Amalie Våga (Sp), Vilhelm Martin Våge (Sp), Erik Nilssen (Sp) og Odd Kenneth Tollaksen (U) formannskapet si innstilling til vedtak..

KS - 30/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek med 12 mot 5 røyster:

1. For gjennomføring av detaljreguleringsplan 201605 – Holmen-Føresvik sentrum, vedtatt i kommunestyret den 14.5.2019, vedtas det med hjemmel i plan- og bygningsloven § 16-2, jf. ekspropriasjonsloven § 2, å ekspropriere negativ servitutt opprettet gjennom skylddelingsforretning dagbokført 16.11.1979, dok.nr. 1979/9406/47.
2. Kommunedirektøren gis fullmakt til å begjære skjønn i saken.

16.06.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet blei orienterte i eige informasjonsmøte av Stein Nygaard (jurist) om ekspropriasjonsprosess generelt og faktum i saka.

Avrøysting:

Formannskapet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 069/26 Vedtak

Formannskapet innstiller samrøystes til kommunestyret:

1. For gjennomføring av detaljreguleringsplan 201605 – Holmen-Føresvik sentrum, vedtatt i kommunestyret den 14.5.2019, vedtas det med hjemmel i plan- og bygningsloven § 16-2, jf. ekspropriasjonsloven § 2, å ekspropriere negativ servitutt opprettet gjennom skylddelingsforretning dagbokført 16.11.1979, dok.nr. 1979/9406/47.
2. Kommunedirektøren gis fullmakt til å begjære skjønn i saken.